

Saksbehandlar: Einar Ulla, Sekretariat for kontrollutvala  
Sak nr.: 18/7677-11

## **Selskapskontroll 2018 - Rapport etter eigarskapskontroll av Sogn og Fjordane teater**

**Kontrollsjefen rår kontrollutvalet til å gje slik tilråding:  
Kontrollutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:**

1. Fylkestinget tek rapport etter eigarskapskontroll av Sogn og Fjordane teater til etterretning.

**Vedlegg:**

- Rapport frå SF revisjon IKS – Eigarskapskontroll av Sogn og Fjordane teater L/L

**Andre relevante dokument i saka:**

---

## **SAKSFRAMSTILLING**

---

### **1. Bakgrunn for saka**

Selskapskontroll er heimla i KommuneLOVA (KL) § 77 nr. 5. I Forskrift om kontrollutval, som er fastsett av Kommunal- og regionaldepartementet 15. juni 2004 med heimel i KL § 77, vert selskapskontroll konkret handsama i § 14.

Plan for gjennomføring av selskapskontroll 2016 - 2020 vart vedteke i fylkestinget 18. oktober 2016 i sak 42/16. Kontrollutvalet fekk i fylkestinget sitt vedtak fullmakt til å utføre selskapskontroll innanfor vedteke budsjett. Selskapskontroll skal utførast av SF revisjon IKS jf. selskapsavtalen til SF revisjon IKS.

Det første prosjektet som står i planen er selskapskontroll av den overordna eigarstyringa. Denne kontrollen vart gjennomført i 2017. Neste prosjekt var eigarskapskontroll av Sogn og Fjordane teater LL. Dette prosjektet vart bestilt etter handsaming i kontrollutvalet 6. september 2018, og vart gjennomført av SF revisjon IKS. Rapport etter gjennomført eigarskapskontroll vart mottatt 7. januar 2019.

### **2. Vurderingar og konsekvensar**

Føremål og problemstillingar

Formålet med eigarskapskontrollen er å kontrollere om den som utøver fylkeskommunen sine eigarinteresser, utøver sitt mynde i samsvar med aktuelle lover og føresegner, fylkestinget sine vedtak og føresetnadar og i tråd med etablerte normer for god eigarstyring og selskapsleiing.

Eigarskapkontrollen har følgjande problemstillingar:

1. I kva grad har fylkeskommunen ein konkret eigarstrategi med klare forventningar til Sogn og Fjordane teater L/L?
  - Er det etablert tydelege føringar for eigarskapen i teateret?
  - I kva grad er styringssignala klart formulert?
  - I kva grad vert eigarstrategien følgt opp?
2. Vert eigarinteresser til fylkeskommunen utøvd i samsvar med fylkestinget sine vedtak og føresetnadar, aktuelle lovheimlar og etablerte normer for god eigarstyring og selskapsleiing?
3. Fører fylkeskommunen kontroll med sine eigarinteresser i selskapet på ein lovmessig og trygg måte?
  - Har fylkeskommunen etablert rutinar for oppfølging og evaluering av sine eigarinteresser?
  - Er rutinane gode nok, og vert dei etterlevde?

#### Metodisk tilnærming og gjennomføring

Revisor har nytta rettleiaren frå NKRF «Selskapskontroll frå A til Å» i arbeidet med eigarskapskontrollen, der dokumentgjennomgang og innhenting av opplysningar om selskapet gjennom eigenerklæring frå eigarrepresentanten og selskapet sitt styre har vore sentrale aktiviteter.

#### Revisor sine konklusjonar

Basert på motteken informasjon har eigarskapsutøvinga etter revisor si vurdering i all hovudsak vore i tråd med krava, men undersøkingane som er gjort viser også at eigarstyringa ikkje har vore i samsvar med krav eller føringar på enkelt punkt.

#### Høyringsuttalar

Eigarrepresentanten skriv i sin uttale at ho vil følgje opp mange av punkta i rapporten. Ho etterlyser ei sjekklister over kva som forventast av eigarrepresentantane for å få gjeve dei rette svara tilbake til eigar.

Fylkesrådmannen etterspør i sin uttale til rapporten ei utdjuing frå revisor i kor stor grad det er naturleg for eigarrepresentanten å følgje opp ulike lovkrav og forventningar, og om revisor med det meiner at eigarmeldinga bør vere meir konkret. Revisor skriv i si vurdering av uttalen at det må vere opp til fylkestinget å ta stilling til eventuelle endringar i eigarmeldinga på bakgrunn av revisor sine konklusjonar i denne eigarskapskontrollen.

I uttalen frå selskapet kjem det fram meir utdjuende informasjon om rutinar og retningslinjer for Sogn og Fjordane teater.

#### Kontrollsjefen sine kommentarar

SF revisjon har gjennomført eigarskapskontrollen etter bestilling frå kontrollutvalet. Revisor har i all hovudsak svart på problemstillingane utvalet ville ha svar på, og rapporten er oversiktleg og konkret i si utforming.

Revisor har valt å ikkje presentere forslag til tiltak, men skriv i sin konklusjon at eigarskapsutøvinga i all hovudsak er i tråd med krava. Revisor har trass dette kome med fem punkt der eigarskapsstyringa ikkje har vore i tråd med krav eller føringar gitt av fylkestinget. I høyringsuttalane er dess punkta tekne opp, og det er kontrollsjefen si vurdering at eigarrepresentanten i stor grad vil følgje opp forbetningspunkta. Det er også verdt å merke seg forslaget frå eigarrepresentanten om ei sjekklister for forventningar til eigarrepresentantane i si utøving av denne funksjonen.

### **3. Konklusjon**

SF revisjon har gjennomført eigarskapskontroll av Sogn og Fjordane teater. I rapporten skriv revisor at eigarskapsutøvinga i all hovudsak er i tråd med krava, men at det er forbedringspotensiale på nokre punkt. Dette kjem godt fram i rapporten, og i høyringsuttalane som ligg ved.

Kontrollsjefen vil på bakgrunn av ovanstående rå til at rapporten vert teken til etterretning.